

Nyopning av bensinstasjonen i Uskedalen.

24.02.2016



Stasjonen på Brekketoppen i ny drakt.

Straks etter nyttår starta ombygginga av bensinstasjonen på Brekketoppen, og etter ombygginga har stasjonen gått inn i Knapphus Energi. Stasjonen framstår no som heilt ny, og etter ein innkjøringsperiode er det no klart for offisiell nyopning. Dette vert markert på førstkommande fredag, 26.februar, mellom kl.13 og 18.

Kristian Stensletten i Auto 88 AS fortel at dette skjer med kake og kaffi, lotteri og gode tilbod. Kundane vil få kjøpt billig drivstoff, og dei får ekstra godt tilbod på motorolje og vindusviskarar. Det vankar også gratis spylarvæske til kundane.

Alle som fyller drivstoff vert også med i eit gratis lotteri med flotte gevinstar. Det er nemleg utlodning av både gratis EU-kontroll og 50 liter drivstoff. Dei som kjøper drivstoff, må passa på at det vert registrert slik at dei er med i lotteriet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.